

# NEI TIL ATLAS EXPRESS.

I dag kjemper det islandske folket ein hard og heltemodig kamp. På fiskefelta utanfor Island ser vi at England med militære midlar prøver å hindre islendingane å utvide fiskerigrensa si. Ved hjelp av ein overlegen marine prøver England å tvinge Island i kne. Beskytta av fregattar frå The Royal Navy bryt engelske trålarar seg dagleg inn på Island sitt territorium for å fortsetja rovfisket.

Det islandske folket let seg ikkje kue, og etterkvart har dei grundig fått lære kven som er ven og kven som er fiende. Dei har sett at NATO korkje kan eller vil forsvara dei mot væpna overgrep frå eit anna land. England får ture fram som dei vil mot ein mindre og svakare nasjon, ein "alliert".

Folket på Island har trukke konsekvensane av desse lærdomane. I dag føres kampane ikkje lenger berre på fiskefelta, men og mot den engelske imperialismen sine støttepunkter på landjorda, nemleg NATO. Fleire NATO-anlegg er vorte beleira og/eller okkupert. Det islandske folket har sett at NATO ikkje er anna enn ein trussel mot dei uavhengigheit og nasjonale sjølvråderett. Kampen ute på fiskefelta og kampen for å hive NATO ut av Island er difor vorte to sider av samme sak.

Kva har dette med Atlas Express å gjere? Jau, medan den engelske marine driv krig mot Island, vert den samme marine (pluss landstridskrefter) invitert til Noreg for å ta del i NATO-øvinga Atlas Express. Imperialistulven England skal altså øve seg her i Noreg, og praktisera lærdomane mot Island. Dette er ein provokasjon så frekk at vi ikkje kan oversjå den. Vi skal vere vertar for ei makt som prøver å knuse ein liten nasjon sin kamp for å vernø om sitt eige eksistensgrunnlag!!

Noreg er også eit lite land med store ressursar i havet som det er viktig å verne om. Vi fører også ein kamp for utviding av fiskerigrensa. Island sin heltemodige kamp er såleis ein del av den kampen vi sjølv fører. For kystbefolkninga og alle som støttar denne kampen er øvinga såleis også ein provokasjon. For Island er den eit slag i andletet.

Den beste måten vi i dag kan syne vår støtte til Island på er å ta sterkt avstand frå NATO-øvinga og forsvarsleinga og DNA-regjeringa sin handlemåte.

SOLIDARITET MED ISLAND - NEI TIL ATLAS EXPRESS!

ENGELSKE KRIGSSKIP VEKK FRÅ ISLAND NO!

Soldatar v/Bardufoss flystasjon.